



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2016/1352-690/2017
Arkiv:

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------------------|------------|
| 9/17 | Næring-, teknisk- og miljøutval | 15.02.2017 |

Saka gjeld: **TINDE INFOFILM - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND**

Tilråding:

- NTM-utvalet godkjenner kostnadsplan på 90.000 kr.
- NTM-utvalet gir tilsegn om tilskot på 37,5% av godkjent kostnad, dvs kr 33.750,-
- NTM-utvalet viser elles til vilkåra for slike tilsegn.

Særutskrift:

- Tinde infofilm v/ Tor Sivertstøl, 6082 Gursken

Saksopplysningar og Vurderingar:

| | |
|---------------|---------------------------------------|
| Søknadsår | 2016 |
| Støtteordning | Kommunalt næringsfond i Sande kommune |
| Tittel | Redigeringsutstyr for filmproduksjon |
| Søker | tinde infofilm |

Vurdering:

Søkar er Tinde infofilm (juridisk namn er Tindefilm AS, 898 431 452). Verksemda vart etablert i 2012 og driv med produksjon av film og seriar, sant reklamefilamr/infofilamr for TV og næringsliv.

Tindefilm AS har forretningsadresse i Molde kommune. Den tekniske basen til verksemda har Tindefilm AS lagt til Sande kommune, der dei flytta inn i leigde kontorlokaer i desember 2016.

Eigarinteressene i Tindefilm AS er:

| Andel % | Eigarinteresse |
|---------|-----------------|
| 33,33 | Hilde Nerland |
| 33,33 | Kristofer Hivju |
| 33,33 | Tor Sivertstøl |

Kostnadsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|------------------------------------|---------------|------|------|------|------|---------------|
| 01. Visningsskjerm/monit or 4K | 30 000 | | | | | 30 000 |
| 02. Redigeringsmaskin Apple Pro | 60 000 | | | | | 60 000 |
| 03. | | | | | | |
| Sum kostnad | 90 000 | | | | | 90 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|-----------------------------------|---------------|------|------|------|------|---------------|
| 01. Tilskudd fra næringsfondet | 45 000 | | | | | 45 000 |
| 02. Lån i bank | | | | | | |
| 03. Egenkapital | 45 000 | | | | | 45 000 |
| 04. Eget arbeid | | | | | | |
| 05. Andre finansieringskilder | | | | | | |
| Sum finansiering | 90 000 | | | | | 90 000 |

Kostnadsplan og finansieringsplan vert vurdert som tilfredsstillande.

Tinde Infofilm (Tindefilm AS) er i posisjon for å få oppdrag for ein TV-produksjon (programserie). Dette er eit samarbeid mellom Tindefilm og ein riksdekkande TV-kanal, og serien vil få plass i «beste sendetid».

Tindefilm har nylig flytta inn i leigde lokale i «Sparebanken Møre, Larsnes». Dette vil vere verksemda sin tekniske base, og det er i desse lokala Tinde Infofilm vil bearbeide/redigere film og bilde.

Tinde Infofilm har søkt tilskot til kjøp av redigeringsutstyr som kan handtere store datamengder på ein rask og effektiv måte. Dette er i dag nødvendig utstyr for verksemder som skal levere bilde – og filmproduksjonar for TV mm.

Tinde Infofilm har i sin søknad ikkje omtalt potensiale for vekst mm. Det vert lagt til grunn at eksisterande aktivitet vert styrka som følge av dette prosjektet. At Tindefilm er i ferd med å etablere ein teknisk base i Sande eit eksempel på at dette.

Bilde- og filmproduksjon på dette nivået er «noko nytt» i Sande, og det er positivt at ei slik kreativ næring på dette nivået vel å lokalisere deler av si verksemd i Sande. Personane som står bak verksemda har arbeidd lenge innan film- og TV-produksjon, og har med dette opparbeidd seg omfattande kompetanse, netteverk, mm. Basert på dette er det derfor grunn til å anta at verksemda skal kunna ha eit potensiale også framover i tid.

Oppsummering av vurderingane:

- Bilde- og filmproduksjon på dette nivået vert vurdert som innovativt og nyskapande.
- Antal nye arbeidsplassar er ikkje omtalt. Sakshandsaminga legg til grunn at prosjektet på kort/mellomlang sikt styrkar eksisterande aktivitet/arbeidsplassar.
- Innstillinga vert å gi støtte på 37,5 % av godkjent kostnad. Tilskotet vert utbetalt i hht gjeldande vilkår.

Larsnes, 06.02.2017

Asle J. Giske
rådmann

